

"Vi er ikke like, men like verdifulle"



Eit liv i dine hender

Eit barn som blir kritisert, lærer seg å fordømme.

Eit barn som opplever fiendtlighet, lærer seg og slåss.

Eit barn som blir gjort til latter, utvikler sjenanse.

Eit barn som opplever skam, lærer skyldfølelse.

Eit barn som blir møtt med toleranse, lærer seg tålmodighet.

Eit barn som blir oppmuntret, lærer seg tillit.

Eit barn som får ros, lærer seg å påskjønne.

Eit barn som blir behandlet rettfærdig, lærer seg rettfærdighet.

Eit barn som får oppleve sikkerhet, lærer seg å føle tillit.

Eit barn som blir satt pris på, lærer seg å være fornøyd med seg selv.

Eit barn som blir akseptert og møter vennskap, lærer seg å føle kjærlighet til verden.

Dorothy Law Holte

Definisjon på mobbing

"Med mobbing meiner vi gjentatt negativ eller "ondsinn" åtfærd fra ein eller fleire retta mot nokon som har vanskeleg for å forsvare seg. Systematisk utestenging eller gjentatt erting på ein ubehageleg måte er også mobbing".

Det er viktig å understreke at opplevelsen av mobbing er subjektiv. Definisjonsretten ligg hjå den som føler seg utsatt for mobbing. (*Manifest mot mobbing 2011-2014*)

Utdrag fra rammeplanen

"Barnehagen har ei samfunnsoppgåve i tidleg førebygging av diskriminering og mobbing... Barnehagen skal fremje positive handlingar som motverker avvising, mobbing og vold... Personalet må medverke til at kvart enkelt barn sin individualitet og behov for sjølvutfoldelse kan skje i trygghet og innanfor fellesskapet sine normer og reglar... Sosial kompetanse er vesentleg for å motverke utvikling av problematferd som diskriminering og mobbing". (Rammeplanen s. 7, 18 og 28)

Hvordan ser mobbing mellom små barn ut?

Undersøkingar kring barn sine opplevingar i barnehagen viser at eitt av ti barn oppleve å bli plaga i barnehagen, kjenneteikn på slik plaging er:

- Slåing, skubbing og lugging.
- Erting, bli ledd av, kalt dumme ting.
- Øydelegg og gøymer ting for kvarandre.
- Utestenging.

(*Foreldreutvalget for barnehager (FUB) – 2012*)

Mål for barnehagen sitt arbeid må vere

- **Alle barn skal ha eit godt og inkluderande oppvekst- og læringsmiljø med nulltoleranse for mobbing.**
- Auke personalet sin kunnskap om førebygging og handtering av mobbing i barnehagen.
- Alle ansatte skal jobbe aktivt for å oppretthalde eit mobbefritt oppvekstmiljø i barnehagen.

Førebygging av mobbing i barnehagen

- Voksne er aktivt til stades i barnegruppa og rettleier barna når det er behov for det.
- Vi er oppmerksomme voksne, også i frileken, slik at vi oppdagar kva som skjer på dei plassane barna vil vere i fred for dei voksne.
- Voksne ser, høyre og bekreftar barna og møter dei med eit ope sinn.
- Vi har nulltoleranse for erting/ mobbing i barnehagen. Vi snakkar med dei involverte barna med ein gong det oppdagast.
- Vi observerer barna/ barnegruppa jamnleg.
- Voksne i barnehagen er bevisste på at dei er rollemodellar. Vi brukar mykje «den gyldne regel». Vi er bevisste på korleis vi ordlegg oss og brukar gode ord om og til kvarandre.
- Barnehagen arbeider kontinuerleg med å gje barna dugleik i sosial kompetanse (empati, prososial atferd, sjølvkontroll, sjølvhevdning, lek, glede og humor).
- Vi snakkar med barna om at vi er alle ulike og at det er greit.
- Vi har jamnleg oppgåver og diskusjonar kring mobbing på ulike møter. Det er med på å auke bevissttheta rundt mobbing og førebygging.
- Både ute og inne har personalet ansvar for å fordele seg over dei områda ein tek i bruk, då sikrar vi oss dei voksne til ei kvar tid har oversikt over område der barna oppheld seg.
- Vi deltek i den nasjonale satsinga «Vaksne skaper vennskap» som har eit nasjonalt fokus kvar haust.
- Foreldresamarbeid: Barnehagen tilbyr to foreldresamtalar i løpet av året, og kallar inn til fleire møter ved behov. To foreldremøter også pr år. I tillegg har vi den daglege kontakta med foreldre, der vi snakkar om korleis barnet har det i barnehagen.
- Vi tek foreldre si bekymring på alvor.
- Vi delar ikkje ut bursdagsinvitasjonar i barnehagen, det må heimen gjere sjølve.

Prosedyre der det vert oppdaga mobbing

Dette skal skje **straks** etter at mobbing vert avdekket. Tiltak skal igongsettast.

Personalet skal:

- Gripe inn umiddelbart ved erting/ mobbing slik at barna veit at dei voksne veit.
- Snakk med dei involverte barna om kva som har skjedd. Ha samtale med den som er blitt erta/ mobba, og samtale med den/ dei som erta/ mobba.
- Be barna kome med forslag til kva vi kan gjere vidare.
- Når mobbing oppdagast, skal styrar og ped.leiar informerast. Det vert tatt opp på ped.leiarmøter og personalmøter slik at alle voksne følgjer ekstra godt med på dei barna det gjeld
- Personalet på basa møtast, og avtaler ein felles strategi for å stoppe mobbinga.
- Ped. leiar informerar dei involverte foreldrene (alle parter). Beskjeden skal helst gis ansikt til ansikt. Fortel kva som er oppdaga, kva de har gjort og korleis ein vil jobbe med situasjonen framover. Viktig å lytte til foreldra sine tankar og idear rundt dette. Finn gjerne ting ein vil jobbe med vidare både i bhg og heim. Skriv eit kort resyme av møtet og tiltak.
- Ped.leiar har ansvar for å følge opp det ein har bestemt i si gruppe og skriv referat og evaluerar kontinuerleg. Avtal evalueringsmøte etter ca 1-2 veker og evt. Vidare tiltak vert gjort.
- Nye samtalar med barna ved behov.
- Vurder å kontakte PPT, tverrfaglig team o.l for råd og veiledning.

Hva kan foreldre gjere for å forebygge mobbing?

- Snakk aldri nedsettande om personalet, dei andre barna i barnehagen eller foreldrene deira.
- Meld i frå til barnehagen dersom de oppdagar at erting/mobbing førekjem blant barna.
- Gje tilbakemeldingar til barnehagen på barnet sin trivsel og opplevingar.
- Ver gode rollemodellar for borna. Ver bevisste på korleis de ordlegg dykk og bruk gode ord om og til kvarandre.
- Ver støttande i å skape eit inkluderande miljø i barnehagen. Eit døme på dette kan vere å invitere barn med heim - legge opp til vennskap
- Vi oppfordrar foreldre til å vere inkluderande når ein inviterar til bursdagsselskap. Invitasjonar må de ordne med utanom barnehagen.
- Vi oppfordrar heimane til å delta på fellesarrangement både i barnehagen og utanom. Dette er med på å gjere at foreldre/heim seg i mellom får gode møteplassar. Når barn ser at voksne har god kontakt styrkar dette også samhaldet hjå barna.

Personalet og foreldre har eit felles ansvar for at mobbing ikkje får utvikle seg i barnehagen!

Vedlegg. Omgrepsforklaring i høve til sosial kompetanse.

- **Sjølvkjensle (selvfølelse)** - Å oppleve eigenverd, akseptere seg sjølv, kjenne seg akseptert, oppleve indre styrke og ha ein positiv holdning til seg sjølv.
- **Empati** - Å ha forståing for andre sine perspektiv, tankar og kjensler, kunne leve seg inn i andre sin situasjon, vise medkjensle og ta omsyn og kunne tolke og forstå kjenslesuttrykk.
- **Prososial åttferd**- Å ha positive, sosiale haldningar og å kunne utføre handlingar som å oppmuntre, bry seg om, vise omsorg, hjelpe til og dele med andre.
- **Sjølvhending** - Å kunne hevde seg sjølv og egne meningar på ein god måte, våge å stå imot gruppepress, ta initiativ og bli med på leik og samtalar som allerede er i gong, delta uoppfordra og invitere andre.
- **Sjølvkontroll** - Å kunne tilpasse seg ulike situasjonar, takle konflikter og utsette egne behov og ynskjer i situasjonar som krev turtaking, kompromi og felles avgjerdsle.

(Barns trivsel - voksnes ansvar. Utdanningsdirektoratet 2012)

DEN GODE BARNDOM

En god barndom er gode venner og tid til lek

En god barndom er fylt av kjærlighet og trygghet

En god barndom er full av variasjon og utfordringer

En god barndom er rik på opplevelser, glede og humor

En god barndom gir barnet opplevelse av å være betydningsfull og akseptert

En god barndom er frihet til å utforske og tid til å bearbeide opplevelser og følelser

En god barndom er møte med voksne som har glede av å gå inn i spill med barnet

En god barndom gir barnet tro på seg selv, fremtiden og sine medmennesker

En god barndom er en barndom der barnets glede og sorg blir tatt på alvor

En god barndom er en barndom der barnet opplever positiv bekreftelse på egen undring og spørsmål

Barndommen er en livsfase som ikke kan forseres eller tas igjen.

Barndommen har egenverdi. Den må få sin tid.

